



Saneringsnytt nr. 3. Juni 2002

No vi komme fram til ei spennande periode i prosjektet. Dyra skal ut, og vi får mindre kontroll med dei ute på beite enn det vi har hatt til no. Det gjeld å passe på at dei friske kjea ikkje kjem i kontakt med smitta geiter. Det virkar som dei fleste har kontroll med dette, så vi ser lyst på situasjonen så langt.

Produksjonstilskot

Eit av dei store spørsmåla frå prosjektdeltakarane har vore om det blir utbetalt produksjonstilskot sjølv om det ikkje er geiter i fjøset på telledatoen.

I statens tilbud ved jordbruksforhandlingane har dette kome med. Det er ikkje kome med i sluttdokumentet, men det vil koma med i rettleiinga til utfylling av søknadsskjema i juli.

Les rettleiinga nøye!!!

Kapittel 8.5.2 Underpost 74.14 Tilskudd til husdyr

...Det er over underpost 50.13 satt av midler til "Prosjekt friskere geiter". Produsenter som kan dokumentere at de deltar i prosjektet og hvor mange melkegeiter dette gjelder, kan tildeles husdyrtilskudd for disse dyra, selv om de ikke er i anlegget på registreringstidspunkt...

Så no skulle dette vera i orden.

Hus og innreiing til geit

For mange er det aktuelt å gjera ein del vedlikehald, oppussing og nybygging i samband med saneringa. Vi har sett på ein golvtype som vi gjerne vil reklamere for. Dette er plastrister som kan brukast i staden for strekkmetall. Dei virkar skånsame og reinslege. Det er REIME som forhandlar dette i Noreg. Det er eit tysk firma som lagar det. og de kan finne omtale av det på internett: <http://www.mik-online.de>. Siv Nina Myrvoll har alt lagt det inn i det nye fjøset sitt. Dei har også spesielle matter som kan gje varme til nyfødde kje. Her er det forskjellige typer.

Snapping over to år.

For mange blir det aktuelt å snappe over to år. Grunnen er at det blir for lite hokje fyrste året. Vi vil etter kvart endre reglane slik at dersom det blir snapping over meir enn eitt år, må kjea som er snappa fyrste året, setjast inn i fjøset etter at dette er sett i stand slik vi har stilt krav om. Dei gamle geitene må ut, og plasserast i eit anna fjøs. Så mange som råd er må slaktast og berre dei som er nødvendige for snapping og ekstra mjølkeproduksjon må få bli att. Ein må ikkje venta lenger enn det er nødvendig før ein slaktar også desse. Slik er det dei fleste har gjort det, og det vil som sagt bli generelle krav etter kvart.

Beiteslepp

Før beiteslepp må det klarerast om det kan bli kontakt med andre geiter. Dette veit alle om frå før, men tenk gjennom det ein gong til. De som har snappa og framleis har ein smitta flokk får ei ny utfordring her. Sjå etter at dei friske dya ikkje kjem i kontakt med treverk som er slitt på grunn av at geiter har gnage eller klødd seg der. Dersom det er fare for at andre geiter kjem nær dei friske, må de ha dobbelt gjerde med minst 1.5 m mellomrom.

Det kan vera aktuelt å setja opp plakatar i beiteområdet. Det trengst kanskje ekstra informasjonsmateriell. Vi har laga ein brosjyre som ligg på internett. Den kan de også få tilsendt ved å kontakte meg. Det blir mange som kjem i kontakt med geitene no når dei kjem ut, og dette må vi ha tenkt gjennom på førehand.

Bloodprøvetaking hastar ikkje før beitesesongen er over. Dette gjeld særleg dersom kjea ikkje er 5-6 mnd. Vi tek ikkje fleire besøk enn nødvendig. Har de ikkje alt teke 6 mnd prøva, kan den godt vente til hausten slik at vi får med alle kjea då.

Avl i saneringsbesetningar

Dette er eit svært viktig spørsmål både av omsyn til gjennomføring av dagens avlsopplegg som er basert på bukkering-systemet (sårbar for å miste medlemmer) og av omsyn til eit avlsopplegg for buskapane som i dag er saneringsbuskapar. Det er behov for å få nok "nytt blod" i avlen i desse besetningane.

Utvikling av semin på geit er heilt sentral i høve til framtidig avlsopplegg og helse/smittevern på geit. Dagens metode med frosen sæd gir svært varierende resultat. Forsøk med fersk sæd i Troms gav svært lovande resultat, problemet er at sæden kan ikkje lagrast lenge slik, og dermed er tidsfaktoren avgjerande.

Det er kome framlegg om å danne ei gruppe med nokon av prosjekt-deltakarane som kan arbeide med avls-spørsmål i saneringsbuskapane. Forslag om deltakarar i ei slik gruppe: Rune Myklebust, Ola Dyrstad, NLH v. Trygve Skjevdaal, Ingunn Nævdal (NSG)

Synspunkt og spørsmål i høve til avl:

Det bør haldast kurs i semin på geit (tradisjonell teknikk, frosen sæd). Svært varierende resultat tyder på trong for oppdatering på sjølve teknikken. Det syner seg at dei som driv med inseminering i eit visst omfang også får gode resultat med frosen sæd. Dette blir likevel overflødig dersom det blir gode resultat av det prøveopplegget som skal gå føre seg i år.

Kan vi utveksle snappa bukkar mellom saneringsbuskapane? Innvending kan vere lang transport og kor sikker smittestatus er på desse. Men det bør la seg gjere der praktiske forhold ligg til rette for det. Buskapen på Ås har hatt ein del bukkar til sals, men eg veit ikkje om dei har att nokon no.

Foring av kje:

Ein buskap fekk noko problem då dei byrja nytte "Kalvedrikk" til kjea. "Kalvedrikk" er sett saman på ein annan måte enn "Kalvegodt". "Kalvegodt" inneheld både skummamjølkpulver og mjølkefeitt (altså både mjølkeprotein og mjølkefeitt), mens "Kalvedrikk" inneheld m.a. mysepulver og soyaprotein (altså planteprotein). "Kalvedrikk" bør ikkje nyttast til kje. Sjå omtale av "Kalvedrikk" på internettsidene til saneringsprosjektet.

Ny organisering av prosjektgruppa

På siste møte i samarbeidsrådet for helsetjenesten for geit, som er styringsgruppe for prosjektet, kom det fram ynskje om ny organisering av prosjektgruppa. Den skal vera på tre personar:

Prosjektleiari, Erlend Winje, TINE Nord-Norge og Helga Kvamsås, TINE vest i Førde.

Det kom også fram ynskje om at dei lokale veterinærane skal bli dregne endå meir inn i arbeidet slik at det blir stuttast mogeleg veg for faglege råd. Eg har no vore til dei aller fleste buskapane som er med i prosjektet. Det går fint hjå dei fleste. Men det dukkar stadig opp nye spørsmål. Eg vil prøve å koma rundt til alle i løpet av sommaren, men ut frå det styringsgruppa har vedteke, og for å spare pengar til administrasjon, vil eg avgrense reisinga så mykje som råd er.

Prøv difor å fylgja opp dei råd og reglar som vi alt har sendt rundt til dykk og som vi har snakka om. Dersom de lagar rutinar som gjer risikoen for smitteoverføring liten, blir det lettare.

- Set opp smittesperrer,
- Set opp skilt om smittevern.
- Lås dører slik at ikkje andre enn dei som har noko i fjøset å gjera kjem inn.
- Skift klær og bruk handvask.
- Ha på lager eingangstøy og sko til besøkjande

Eg ynskjer alle prosjektdeltakarar ein riktig god sommar!

Beste helsing Nils